

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 13. og 14.06.2017**

### **SAKSBEHANDLING**

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje:

- 13. juni: PS 34-38, 40/17
- 14. juni: PS 68, 39, 59, 47, 41-46, 48-58, 60-63, 65-69/17

### **OPNING AV FYLKESTINGET**

Ordførar Solfrid Borge ønskte fylkestinget velkommen til Ullensvang. Det var kulturinnslag ved pianist Geir Botnen.

Til å skriva under møteboka saman med fylkesordføraren vart Aud Karin Oen (SV) og Geir Kjell Andersland (V) valde.

Fylkesordføraren gjorde framlegg om at møteboka vert godkjend av fylkesordføraren og dei som vart oppnemnde til å skriva under møteboka. Fylkestinget slutta seg til dette.

Fylkesordføraren heldt opningstalen sin til fylkestinget.

Fylkesrådmannen heldt sin tale.

### **ORDSKIFTET ETTER TALANE**

Etter talane var det ordskifte. 15 representantar hadde ordet.

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Hordaland fylkesting vedtok i desember 2015 at fylkeskommunen skal nytte hotell / overnattingstader med tariffavtale.

For å sikre at dette blir ivarettatt, vil fylkestinget be fylkesrådmannen før bestilling av hotell/ overnattingstad å sjekke ut med begge partar i tariffavtalen at denne blir respektert og etterlevd.»

Fylkestinget tok stilling til om forslaget skulle realitetsbehandlast på slutten av tingsetet. Det var 52 representantar til stades.

5 av representantane (SV, R, 1Frp) røysta for at forslaget skulle realitetsbehandlast. Forslaget vart dermed ikkje realitetsbehandla, jf. kommunelova § 34 nr. 1, 2. setning.

### **HORDALAND FYLKESKOMMUNE SIN MILJØPRIS**

Kenneth Bruvik, Straume, fekk Hordaland fylkeskommune sin miljøpris for arbeidet med å få i gang strandrydding og rette søkelyset på marin forsøpling. Kenneth Bruvik er eldsjela som starta aksjonen «Frå vik til vik – Rein kyst» etter kvalen, med magen full av plast, stranda på Sotra tidlegare i år. Juryen grunngjev og pristildelinga med arbeidet Bruvik gjer med å undervise og leggje til rette for naturopplevingar for vanskelegstilt ungdom. Prisen er på 50.000 kroner og vart delt ut leiar av utval for miljø og samferdsel i Hordaland, Nils T. Bjørke.

### **TAKK TIL OLAV FINNE**

Olav Finne deltok på sitt siste fylkesting som avdelingsdirektør i Statens vegvesen. Fung. fylkesordførar takka Finne for arbeidet gjennom mange år.

## **INTERPELLASJONAR – ALTERNATIVE FORSLAG**

I samband med interpellasjonane frå Tor André Ljosland og Aud Karin Oen (PS 33/17) kom det fram at delegasjonsreglementet ikkje omtalar om det kan leggjast fram alternative forslag til vedtak eller protokollmerknader i tillegg til interpellantane sine forslag. Fylkestinget slutta seg samrøystes til at dette skal vere mogleg.